



Bente Hauge i Halsabrotet, som vart utsett for

ein pipebrann ein morgon for nokre dagar sidan vil takka fleire for at det gjekk så bra. Ho gjer det i spalta Dagens Ros i Kvinnheringen

Ho rosar Terje Hus som oppdaga brannen. Han kom køyrande nede på vegen om morgonen og fekk varsla brannvesenet medan Bente låg og sov.

Ho takkar også branntroppen i Uskedalen som var raskt på staden og fekk sløkt brannen.

På biletet er to frå branntroppen i gang med å feie pipa etter sløkkinga.

(Foto: Ola Matti Mathisen)